



Tingvoll, 23.9.2016

Tingvoll kommune

SPØRSMÅL OM SKILTING - PURRING

Den 1. februar 2010 sendte vi eit brev til kommunen om skilting på Skjevlingsneset.

Vi har ikkje fått svar på vårt brev. Skiltet står framleis, slik det gjorde i 2010. Spørsmålet vårt er framleis aktuelt. Vi ser gjerne at kommunen set opp tempoet litt i denne saka.

På denne plassen er det parkeringsplass som gjer at ein kan setje frå seg bilen utan å bli bøtelagt eller jaga. På nordsida av vegen er det eit areal med strandberg og skog på 25 dekar, i tillegg til areal som er dyrka og bygd. Det gir moglegheiter til friluftsliv. Det er til og med bygd undergang, slik at ein kan unngå å krysse mykje trafikkert veg.



Vi ser skogen på det aktuelle neset i bakgrunnen, undergangen med skiltet og til venstre er parkeringsplassen ved Bergsøybrua.

Nyleg har Forum for natur og friluftsliv tatt opp temaet om denne typen skilting med kommunane i fylket. Vi ser gjerne at Tingvoll kommune tar utgangspunkt i denne gjennomgangen, og tar ei vurdering av skiltinga på Skjevlingsneset.



Fri høgde 3,0 m er forståeleg, skiltet til høgre krev ei nærmere vurdering.



Kartet syner ein veg gjennom dyrkamark og med sti inn i utmarka. Dette er normalt å rekne som veg tilgjengeleg for folk til fots, etter friluftslova, så lenge fotgengarane tar omsyn.

Med helsing

Øystein Folden
Leiar